



Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Vår ref.
11/383-4/ Q13 //STN

Dykkar ref.
2011/039915-002

Dato:
16.11.2011

Omklassifisering av fylkesveg 725, endra nummerering av fylkesveg 698

Viser til dykkar brev av 18.03.2011 med vilkår for nedklassifisering og endra vegnummerering.

Vegnummer på veg mellom Vegtun og Lote

Stryn kommune har ikkje merknader til at heile strekninga får vegnummer fv.698.

Fylkesveg 725

Stryn kommune har i utgangspunktet ikkje innvendingar til dei vilkår som er stilt for nedklassifisering. Vi må likevel be om noko meir tid før vi kan gje vår endelege fråsegn til dette. Grunnen er at det aktuelle området er under omregulering, og at kommunen ønskjer å nytte høyringa av reguleringsplanen også til høyring av framlegget om nedklassifisering. Politisk leing i kommunen vil då få vurdert alle sider av nedklassifiseringa.

Det har dessverre drege ut med det private framlegget til reguleringsplan. Sidan vårt første brev har Aaland Arkitektkontor varsla om utviding av planområdet, og kommunen har nyleg motteke framlegg til reguleringsplan.

Stryn kommune vil no

- sjå til at vendelomme ligg inne i planframlegget, og sikre oss avtale om at denne blir bygd av tiltakshavar.
- gjere vedtak om utlegging av planen til offentleg gjennomsyn
- sjå til at spørsmålet om nedklassifisering blir høyrte i samband med reguleringsplanen.
- gje endeleg tilbakemelding om nedklassifisering når innspel til reguleringsplanen er politisk behandla.

Vi ber dykk difor vente med å setje i gang nedklassifiseringsprosessen til Stryn kommune har utført punkta nemnt over.

Postadresse/besøksadresse:
Tonninggata 4
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband
Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

Org.nr: 963 989 202

Med helsing



Steinar Nesdal

seksjonsleiar plan- og utvikling

57 87 47 14

steinar.nesdal@stryn.kommune.no

Kopi til:

Seksjon for byggesak og regulering, her

Aaland Arkitektkontor, Stryn